

Vår sakshandsamar  
Cato Dørmænen

Vår dato  
03.01.2014

Vår referanse  
2012/5814-13/314

Tidligere dato  
05.11.2013

Tidligere referanse

Til  
Hordaland fylkeskommune

## Uttale til Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - etter høyring av forslag til revidert planprogram

Viser til høyring av revidert planprogram, med frist sett til 23. desember 2013. Etter avtale har Forsvarsbygg fått forlenga svarfrist til 6. januar 2014.

Forsvarsbygg uttaler seg i plansaker med omsyn til å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Forslaget til revidert planprogram for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet inneheld tre alternative lokaliseringar. Forsvarsbygg sin uttale er knytt til alternativet som omhandlar Flesland, der Forsvaret har eigedom, installasjoner og interesser.

I planprogrammet vert det vist til delområda A, B og C. Utgreingane og konklusjonane knytt til desse delområda ligg i takt med det som tidlegare er kommunisert i forhold til konflikter med Forsvarets interesser. I dette ligg hensynssoner og forbudssoner, samt at det samla påtrykket som særlig alternativ A og B vil utgjere, vert sett på som uheldig i lys av Forsvarets interesser. Då særlig i forhold til Haakonsvern orlogsstasjon og Knappen.

Forsvaret har i høringsperioda også sett nærmare på konsekvensar ei utbygging vil ha i sør og vest, delområda E, F og G. Det vert påpeikt at Avinors vurdering av innflyging ikkje er dekkande for militære flygningar. Ei lokalisering av ny hamn vest og syd for Flesland kan medføre bygging av vertikale konstruksjonar som kan kome i konflikt med instrumentflyging frå sør. Dette må nærmare avklarast før Forsvaret kan anbefale utbygging av ny hamn i dette området.

Avslutningsvis vil Forsvarsbygg orientere om at behovet for omsynssoona knytt til fareområde brann og eksplosjon på Flesland er bortfalt, men Forsvaret har fortsatt areal og virksomheit i området som skal sikrast og vidareførast.

Cato Dørmænen

utleie markedsområde vest

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Fakturaadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>E-postadresse</b>	<b>Org. nr.</b>
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 <b>Telefaks</b> 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no <b>Internett</b> www.forsvarsbygg.no	975 950 662 <b>Bankkonto</b> 4714 10 00280

